


Slovakia-Konrad for femte og siste gong

Kl. 05.00 sto 19 tobeina og éin firebeina klar på startstreken til Konradløpet i Slovakia. Sjølv om det ikkje vart ny deltakarrekord i år, vart Slovakia-Konrad utan tvil ein stor suksess i år òg. Kl. 05.26 kraup sola opp bak fjelltoppane og spreia solstrålane sine over dei vakre jordene og varma våre småkjølege kroppar. Etter at samtlege hadde passert målstreken venta premieutdeling med medaljar til alle, samt nokre premiar sponsa av Konradløpet/VIL som vart trekte ut på startnummer. For dei fleste var nok ikkje frukost som frista mest då dei sto opp midt på natta, så frukt, kjeks, popkorn og nøtter verka å vere midt i blinken!

Eg må innrømme at det er litt vemodig at fem år med Slovakia-Konrad no er historie, men om få veker er mi tid som medisinstudent i Slovakia over og fedrelandet kallar. Eg kan takknemleg sjå tilbake på fem uforgløyemelege soloppgangar, og til saman heile 50 ulike friskusar som har overvunne ein beinhard kamp ut av senga natt til 1. mai!







Heihei, kan jeg bare spørre deg hva som skjer med Konrad løpet til neste år når du ikke er her lenger? Er et av høydepunktene mine gjennom semesteret, så håper ikke det forsvinner!



Neeei, det er jo ikke noe gøy! Men jeg vil mer en gjerne stille på start streken neste år også! Så kan gjerne være med å dra det videre 😊

(Meldingar frå ein fornøgd Konradløpdeltakar).

2019 var etter alt å dømme siste gongen Slovakia-Konrad vart arrangert. Men kven veit – kanskje står det folk i Slovakia 1. mai kl. 05.00 neste år óg, klare til å springe i Konrad si ånd og føre tradisjonen med Slovakia-Konrad vidare?